



Møteprotokoll for Eldrerådet

Møtedato: 09.02.2017
Møtestad: Møterom 1
Møtetid: 14.00 – 16.00

Møtet vart styrt av leiar Sigurd Knudsen.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 31.01.17 og møtet var kunngjort i pressa 24.01.17.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Sigurd Knudsen		Leiar
Jorunn Brakstad		Nestleiar
Klara Hansen		Medlem
Klara Mongstad		Medlem
Astrid Anne Fjeldstad		Medlem
Erling Rønnestad		Medlem
Kjersti Vikebø Nesse		Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Stian Lavik	

Desse møtte frå administrasjonen: Rådgjevar plan Kjersti Møllerup Subba møtte til sak 05/17.

Protokollfører: Randi Hilland

10. februar 2017

Sigurd Knudsen
leiar

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
01/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
02/2017	Godkjenning av møtebok
03/2017	Referatsaker
04/2017	Aktuelle saker
05/2017	Reguleringsplan Øvre Holsbergstien - detaljplan - offentlig ettersyn
06/2017	Eldrerådet - årsmelding 2016
07/2017	Tiltaksplan for trafikkisikring 2017 - 2020
08/2017	Detaljreguleringsplan for Fosse, gbnr 25/17, 14 m.fl - Varsel om oppstart av planarbeid
09/2017	Varsel om oppstart av planarbeid. Detaljregulering fv. 245 Fosse- Moldekleiv
10/2017	Varsling av oppstart av reguleringsplanarbeid for Fossesjøen, gnr. 25, bnr. 161, 167 m.fl.
11/2017	Situasjonen på Meland sjukeheim

01/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

09.02.2017 ELDRERÅDET

Leiar la fram ei ekstrasak om situasjonen på Meland sjukeheim og bad om at den vert handsama i møtet.

Sak 05/17 vart handsama etter sak 02/17. Deretter vert saklista følgd.

ER - 01/2017 VEDTAK:

Innkalling med ei tilleggssak og endra rekkefølge på sakliste vert godkjent.

02/2017: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok frå møte 01.12.16 vert godkjent.

09.02.2017 ELDRERÅDET

ER - 02/2017 VEDTAK:

Møtebok frå møte 01.12.16 vert godkjent.

03/2017: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

09.02.2017 ELDRERÅDET

Erling Rønnestad refererte frå møte i UDU.

Kjersti Vikebø Nesse refererte frå møte i ULK.

Jorunn Brakstad og Sigurd Knudsen refererte frå møte med ordførar:

- Problematikk vedk. romsituasjon på Meland sjukeheim
 - Manglande parkeringsplassar ved rasteplassar og turveggar
 - Lyst ut rådmannstilling
 - God beredskap ved straumstans - aggregat på sjukeheimen fungerte
 - Kommunestruktur - engasjert konsulentar
- Kartlegging - alle organisasjonane skal bli høyrte - ingen skal misse jobben
Viktig å ivareta nærmiljøet

Jorunn Brakstad referte frå møte i Helselaget:

- Årsmøte 16. februar
- Markering av 100 års-jubileum i Musikkhallen på Holme 19. mars

Kulturelles spaserstokken - konsert på Meland sjukeheim 18. mars.

Den Internasjonale Eldredagen vert markert i Meland rådhus 30. september.

Ganglaget sin første tur vert onsdag 1. mars.

ER - 03/2017 VEDTAK:

Orienteringane vert tekne til vitande.

04/2017: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

09.02.2017 ELDRERÅDET

Det låg ikkje føre aktuelle saker.

ER - 04/2017 VEDTAK:

05/2017: Reguleringsplan Øvre Holsbergstien - detaljplan - offentlig ettersyn

Rådmannen sitt framlegg:

09.02.2017 ELDRERÅDET

Kjersti Møllerup Subba orienterte.

ER - 05/2017 VEDTAK:

I anleggsperioden må dei mjuke trafikantane skjermast. Problem når store lastebilar køyrer inne i eit etablert buområde.

06/2017: Eldrerådet - årsmelding 2016

Rådmannen sitt framlegg:

09.02.2017 ELDRERÅDET

Eldrerådet kom med nokre korrigeringar til årsmeldinga.

Årsmeldinga vil verta retta opp i tråd med dette.

ER - 06/2017 VEDTAK:

Årsmelding om arbeidet i Eldrerådet dagsett 27.01.17 vert godkjent.

07/2017: Tiltaksplan for trafikksikring 2017 - 2020

Rådmannen sitt framlegg:

09.02.2017 ELDRERÅDET

ER - 07/2017 VEDTAK:

Veglys ved buss-stopp og postkassestativ vil ha stor betydning for trafikktryggleik. Eldrerådet meiner at tiltaksplanen er svært god.

08/2017: Detaljreguleringsplan for Fosse, gbnr 25/17, 14 m.fl - Varsel om oppstart av planarbeid

Rådmannen sitt framlegg:

09.02.2017 ELDRERÅDET

ER - 08/2017 VEDTAK:

Eldrerådet tar detaljreguleringsplanen til orientering.

09/2017: Varsel om oppstart av planarbeid. Detaljregulering fv. 245 Fosse- Moldekleiv

Rådmannen sitt framlegg:

09.02.2017 ELDRERÅDET

ER - 09/2017 VEDTAK:

Eldrerådet tar planen til orientering. Det planlagde grøntarealet mellom vegbane og gang- og sykkelveg må sløyfast, for elles går det med for stort areal.

Viktig å lage gode omkøyringsvegar i anleggsperioden som må vere klare til anleggsstart.

10/2017: Varsling av oppstart av reguleringsplanarbeid for Fossesjøen, gnr. 25, bnr. 161, 167 m.fl.

Rådmannen sitt framlegg:

09.02.2017 ELDRERÅDET

ER - 10/2017 VEDTAK:

Oppstartsmelding vert teken til vitande.

11/2017: Situasjonen på Meland sjukeheim

Rådmannen sitt framlegg:

09.02.2017 ELDRERÅDET

Skriv frå Meland Arbeiderparti og svar frå tenesteområdeleiar Randi R. Minde vart delt ut i møtet.

ER - 11/2017 VEDTAK:

Dei signala som vi får frå innbyggjarar i Meland gjer at dei 4 ledige romma på Meland sjukeheim må takast i bruk snarast.

Viktig med kontinuerlig vedlikehald på sjukeheimen.

I fjor sommar vart det utført mykje frivillig arbeid på uteområdet på sjukeheimen. Ønskjer hjelp frå teknisk etat for å arbeide vidare med dette arbeidet.

Siste del av fortauet ned mot plassen på sjukeheimen er øydelagt, noko som skapar problem for rullestolar og rullatorar og andre gåande.
